



Aurland kommune

Retningslinjer for bruk av viltfondet

Fastsett av Aurland kommunestyre 5.mai 2011 KS-034/11, med heimel i viltlova § 43 og forskrift av 25.05.2001 nr.520 om forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

1. Inntekt til viltfondet i Aurland kommune kjem frå:
 - Fellingsavgift
 - Tilskot frå Fylkesmannen
 - Sal av viltkjøt (fallvilt) via ettersøksringane
2. Viltforvaltninga i Aurland kommune kan nytta midlane i viltfondet til:
 - Ettersøk av fallvilt i kommunen, ved trafikkpåkørsel og kommunale søk etter skadeskotne dyr
 - Leige av ekstern kompetanse til informasjon om viltforvaltning
3. Etter søknad, som skal politisk handsamast etter gjeldande delegasjonsreglement, jmf likevel pkt 4, kan midlar frå fondet i Aurland kommune nyttast til fylgjande:
 - Bestandsplanlegging og oppretting av storvald
 - Driftsstøtte til storvald
 - Driftsstøtte til hjorteutvala
 - Tilskot til oppsetting av hjortegjerde med inn til 20% av godkjent kostnadsoverslag
 - Prosjekt eller undersøkingar som bidreg til auka kunnskap og forvaltning av hjortevilt
 - Jegeropplæring
4. Etter søknad får Felles landbrukskontor ÅLA fullmakt til å løyve inn til kr 5 000 frå fondet, til tiltak som er i tråd med punkt 3 i denne retningsline.